



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Miljødirektoratet
Rettshavarar i valdet Nedre Rødal

08.05.2023

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
17-23

Klage - tvist om rettstilhøva i Nedre Rødal

Nemnda behandla denne saka på møte 4. juli i fjor og på møte 21. april i år. Nemnda har motteke klage på vedtaket frå ein av rettshavarane innan valdet Nedre Rødal. Klagen er fremma av advokat Seth som representerer DNT Sunnmøre i denne saka. Klagen er datert 3. mai og sendt til nemnda innan fristen som er tre veker. (Utskrift av protokoll var sendt ut 26. april og informasjon om klagebehandling var sendt ut 3. mai).

Klager ber om at godkjenninga av valdet Nedre Rødal blir trekt attende og at vedtaket får utsett verknad slik at det ikkje blir tildelt fellingsløyve til valdet fram til klaga er ferdig behandla.

Det kjem ikkje fram nye moment i klagen, men det blir poengtert at bruksordninga for valdet ikkje er på plass og at denne er ein del av den pågåande prosessen i jordskifteretten.

Dei to vedtaka som nemnda har gjort tidlegare ligg ved saka som utskrift frå protokollen frå sist møte i nemnda. Denne protokollutskrifta inneheld også kopi av e-postar frå andre rettshavarar innan valdet, mellom anna e-post frå Jan Erik Dale som har vore valdansvarleg representant dei siste åra. Vedlagt er også klagen frå Seth datert 3. mai og eit anna dokument datert 29. mars i år. Nemnda har også motteke ein e-post frå jordskifterettsleiar i Møre- og Romsdal jordskifterett, Asbjørn Rogne. Kopi av domsslutninga er vedlagt denne saka.

Vurdering:

Villreinnemnda har heimel til å kunne trekke tilbake godkjenninga av villreinvalidet til ein kvar tid, jf § 26 i hjorteviltforskrifta dersom det er tvist om rettsforholda. Villreinnemnda vil gjennom eit eventuelt vedtak om å trekke godkjenninga av valdet tilbake stoppe jakta.

DNT-Sunnmøre v/Seth skriv i sine svarbrev til villreinnemnda at valdet ikkje bør få tildelt jaktløyver på villrein før grunneigarane har fått på plass ei omforent avtale (bruksordning).

Rettsforholda er rettskraftig avgjort jf domsslutninga i jordskifteretten og er slik det går fram av tabellen under:

Gnr.	Bnr.	Del (%)
40	1	25,0
	2	25,0
	6	25,0
	8	12,5
	9	12,5

Jordskriftesaka er ikkje avslutta og det blir framleis arbeidd med forslag til bruksordningsreglar/vedtekter for sameiga. Nemnda vil understreke at det er viktig for samhaldet og stabiliteten i alle vald at verdien av jaktrettane blir fordelt på rett måte. Men avklaring av bruksordningsreglar må bli gjort av partane sjølv eller av rettsvesenet. Dette er noko villreinnemnda ikkje kan ta stilling til. Nemnda har ikkje endra standpunkt når det gjeld denne vurderinga. Vi ser at ei bruksordning er viktig for partane i sameiget, men etter vår vurdering er det ikkje noko nemnda kan krevje for at valdet skal vera godkjent.

Ved søknad om godkjenning av eit sameige som eit nytt vald, er normalt fleirtalsvedtak tilstrekkeleg for innmelding av ein eigedom (jf hjorteviltforskrifta § 25). Dette kan truleg og fungere som rettesnor for val av valdansvarleg representant for mange sameige, men det kan også bli laga andre reglar for dette gjennom ei bruksordning. Fram til bruksordninga for dette valdet er klart er det truleg rett av villreinnemnda å forholde seg til fleirtalet i valdet og den fleirtalet vel å ha som valdansvarleg representant.

Klager ber om at vedtaket i nemnda blir gjeve utsett verknad slik at det ikkje blir gjeve fellingsløyve til valdet før klagen er behandla jf. forvaltningslova § 42. Fellingsløyve til valda i Reinheimen-Breheimen er delt ut. Det er generelt uheldig om det etter dette blir endingar i godkjente vald som gjer at ein ikkje får delt ut fellingsløyva. Evt negativ effekt på bestandstilhøva vil vera større om godkjenning blir trekt tilbake frå eit stort vald, men prinsippa for handsaming bør vera lik uavhenigig av storleiken på valda. Nemnda si vurdering er at valdet tilfredstillar krava til godkjenning. Da meiner vi det ikkje blir rett å utsette verknaden av tiltaket.

Innstilling: Villreinnemnda legg domsslutninga frå jordskifteretten til grunn og meiner rettsforholda for vald nr 6 Nedre Rødal er avklart. Fram til ei bruksordning er avklart vil nemnda forholde seg til fleirtalet i valdet og den fleirtalet vel å ha som valdansvarleg representant. Nemnda vil ikkje utsette iverksettinga av vedtaket.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 26 og forvaltningslova § 42.

Behandling: Saka var sendt ut på e-post til dei ti medlemma i nemnda den 8. mai 2023. Alle har gjeve skriftleg attendemelding om at dei var samd i innstillinga.

Vedtak: Villreinnemnda legg domsslutninga frå jordskifteretten til grunn og meiner rettsforholda for vald nr 6 Nedre Rødal er avklart. Fram til ei bruksordning er avklart vil nemnda forholde seg til fleirtalet i valdet og den fleirtalet vel å ha som valdansvarleg representant. Nemnda vil ikkje utsette iverksettinga av vedtaket.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 26 og forvaltningslova § 42.

Helsing

Johan Berge
Leiar

Tor Taraldsrud
Tor Taraldsrud
Sekretær